

HARDANGERFJORDSEMINARET UNG



Hardangerfjordseminaret UNG - 22. september 2016 - Norheimsund, Hardanger

H

ardangerfjordseminaret UNG 2016

Samlinga i 2015 var første Hardangerfjordseminaret UNG og vart ein stor suksess. Vi fekk svært gode tilbakemeldingar frå elevar, lærarar og innleirarar. Seminaret er ein fagdag for elevar i vidaregåande skule med studiespesialisering innan biologi. Målet er å gje eit tilbod om eit djupdykk i kunnskap om miljøet i fjorden og vassdraga våre, formidla av faggersonar frå dei fremste kunnskapsmiljøa vi har i landet.

Hardangerfjordseminaret UNG har fleire føremål:

- Å gjere elevane kjende med nærmiljøet sitt.
- Vekke interesse for den biologien som vi finn i fjorden og knyte dette opp til teorien som dei lærer i faget.
- Skape glød for det fagvalet dei har teke, også med tanke på vidare utdanning og lokale jobbmogleheieter.

Biologielevar frå alle Hardangerkommunane, Kvinnherad, Fusa og Voss, om lag 120 elevar og i tillegg lærarar, vert invitert. For elevane er det bra å komme ut av klasserommet og ta i mot læring på ein annan arena.



«Hardangerfjordseminaret UNG syner ungdom so skal velje framtid kva fjorden gir av moglegheiter. Biologi, zoologi, økologi er vegar til yrke i akadem næringssliv og forvalting.

Seminaret skal vere ein inspirator for å knyte fjord vassdrag og fag saman. Å ta i bruk det STORE klasserommet»



Opning av Hardangerfjordseminaret
UNG Politikar Emil Gadolin, AP
leiar opplæringsutvalet i Hordaland fylkeskommune.



09:30 Frukost (Thon Hotel Sandven)

Flyktning-/innvandrarkvinnegruppe tilknytt Øystese Røde Kors serverer rask frukost for deltakarane i foajeen ved ankomst seminarhotellet....

10:00 Opning

Opning av Hardangerfjordseminaret UNG 2016
Leiar i opplæringsutvalet i Hordaland Fylkeskommune
Emil Gadolin, (AP)

10:15 Seminardel

Kva veit vi om det som skjuler seg i fjorden vår?
«Ukjende artar i Hardangerfjorden»
Representant Havforskningsinstituttet
Ressurser og forvaltning
Fiskeridirektoratet
Det store eksperimentet; Leppefisk mot lakselus
Masterstudent i marinbiologi UiB, Torborg Emmerhoff Rustand



Steinerskulelærar Reidar Staalesen

Han fekk ungdomskulelevane på Skjold med seg, og saman med forskararane i UNI Miljø har ein makta å få sjøauren tilbake i Appeltunvassdraget.



Forskar Terje van der Meeren, HI
«Korleis ser fisken ut inni?»

12:00 LUNSJ (Hardanger Fartøyvernsenter)

Elevar ved Fitjar vg. skule serverer lunsj på Hardanger Fartøyvernsenter
Fitjar vgs v/ lærar Margareth Tislevoll.

13:00 Workshop

- Stasjon 1:** Film
- Stasjon 2:** «Korleis ser fisken ut inni?» Terje van der Meeren, HI
- Stasjon 3:** Appeltunvassdraget – «Slik fekk vi sjøauren tilbake til bekken!» Lærar Reidar Staalesen, Steinerskolen, Bergen
- Stasjon 4:** Om parasittar på fisk, UiB biologi

HARDANGERFJORDSEMINARET UNG

Hardangerfjordseminaret-
UNG 2015:

«Ungdom må løse proble-
mene!»

*Det er nok av miljøproble-
mer for dere unge å ta fatt i,
sa miljøsjef Kjell Kvingedal
hos Fylkesmannen i Horda-
land til rundt 100 ungdom-
mer fra Hardanger som var
møtt opp til Hardangerfjord-
seminaret Ung.»*



Elevane kjem tett på forskarane/fagmiljøa på Hardangerfjordseminaret UNG.






F

artøyvernsenteret er eit nasjonalt kompetansesenter for fartøyvern og mellom dei største fagmiljøa for restaurering av båtar og fartøy i Norden. Her fokuserer ein på handverk og handverkskunnskap i det museale arbeidet.

Senteret eig og driv fleire større fartøy, m.a. Hardangerjakta Mathilde. Kjend og kjær for mange frå gode opplevingar under årlege leirkuleturar med elevar frå regionen vår.



Stor takk til våre støttespelarar :



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



FYLKESMANNEN I HORDALAND



HARDANGER
FARTØYVERNSENTER